

Integrering og mangfold



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# fylkes**kultur**konferansen ▶

Ålesund: 28. september 2017 | Terminalen byscene



# Program

- 09:00 **Registrering** og kaffi
- 09:30 **Opning** ved fylkesordfører Jon Aasen
- 09:40 **Velkommen** ved organisasjonssjef Roar Lervik, Møre og Romsdal idrettskrets
- 09:50 **«Kunsten og kulturen si kraft i kvardagsintegreringa»** ved Kristin Danielsen, direktør i kulturrådet
- 10:20 **Pause**
- 10:30 **«Vellukka integreringsarbeid»**. Gode eksempel frå Sunndal kommune og Sunndal vidaregåande skole ved Ståle Refsti, ordfører i Sunndal og Jan Ove Løken, rektor ved Sunndal vgs.
- 10:50 **«Kulturaktivitetar og frivillig verksemd – ein nøkkel til god inkludering?»** ved Marco Elsafadi
- 11:35 **Lunsj**

- 12:20 **«Integrering og mangfald bak verdas beste ost»**. Gode eksempel frå arbeidslivet ved Kristin Waagen, Tingvollst
- 12:45 **Oppskrifta på Fargespill** ved Ole Hamre
- 13:15 **Pause**
- 13:30 **Erfaringar frå Alnaskolen** ved Sahra Jaber
- 14:15 **Pause**
- 14:30 **Utdeling av idrettsstipend frå Møre og Romsdal fylkeskommune** ved leiar i kultur og folkehelseutvalet Marit Nerås Krogsæter
- Utdeling av idrettspris** ved Kåre Sæter, styreleiar i Møre og Romsdal idrettskrets

- 14:50 **Integrering av paraidrettane i Olympiatoppen**. Ei internasjonal suksesshistorie ved Cato Zahl Pedersen
- 15:15 **Utdeling av startstipend** til kreative talent
- 15:25 **Avslutning** ved fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen
- 15:30 **Kulturelt innslag** Fargespill

## Arrangør



**Heidi-Iren Wedlog Olsen**  
Fylkeskultursjef i Møre og Romsdal fylkeskommune



**Roar Lervik**  
Organisasjonssjef  
Møre og Romsdal idrettskrets



## Innleiarar



**Oskar Skulstad**  
kultursjef i Ålesund

Oskar Skulstad er kultursjef i Ålesund kommune. Han har tidlegare vore avdelingsleiar for musikk, dans, drama og studiespesialisering med formgivingsfag ved Fagerlia videregående skole. Som nyttilsett kultursjef oppretta Skulstad, i samarbeid med virksomhet for Flyktning i Ålesund, ei prosjektstilling som arbeider med kultur og integrering. Prosjektstillinga bidreg også i produksjonen av «Fargespill»



**Kristin Danielsen,**  
direktør i kulturrådet

Kristin Danielsen er ein norsk dansar, koreograf og leiar i kultursektoren. Frå 2016 har ho vore leiar i Norsk kulturråd. Ho har tidlegare mellom anna vore dagleg leiar i Ny musikk, og Deichmanske bibliotek i Oslo.



**Jan Ove Løken,**  
rektor ved Sunndal vgs.

Jan Ove har vore rektor ved Sunndal videregående skole sidan hausten 2001. Han er oppteken av at skolen skal vere ein tydeleg medspelar når det gjeld oppvekstvilkår til barn og unge, kommunal tenesteyting og for utvikling av lokalt næringsliv i sunndalssamfunnet. Som første skole i landet, fekk Sunndal vgs. Benjaminprisen i 2002 av Regjeringa for godt antirasistisk arbeid.



**Ståle Refstie,**  
ordfører i Sunndal

Ståle Refstie har vore ordfører i Sunndal kommune sidan 2009. Refstie er opptatt av at Noreg lykkast med integrering av flyktningar, og har delteke i ulike debattar om temaet. Han er opptatt av at dei som kjem til landet opplever tryggleik og raskt blir inkludert i samfunnet dei kjem til.



**Marco Elsafadi**

er palestinsk flyktning og kom til Noreg i 1987. Han var basketballspelar på toppnivå, og har representert det norske landslaget i 12 år. I 2006, fekk han prisen som «Årets forbilde» for sitt engasjement på og utanfor banen. Elsafadi stifta organisasjonen New Page i 2002, og har fram til 2011 jobba med vanskelegstilte ungdom, rusproblematikk, skoleskule, fritidsproblem og vald. I 2007 fikk han utdelt «Åpenhetsprisen 2007» for sitt arbeid.



**Kristin Waagen,**  
Tingvollst

Kristin Waagen er ostebonde på Saghaug Gard og medgründer av Tingvollst. Familiebedrifta blei etablert i 2003 og har sidan oppstart blitt mest kjent for osten Kraftkar. Tingvollst rekrutterer ulik kompetanse i ei fleirkulturell blanding. I fjor blei Tingvollst kåra til World Champion og Champion of Champions.



## Påmelding

**Stad:** Terminalen byscene

**Tid:** Torsdag 28. september  
2017 kl 09:00

**Påmeldingsfrist:**

11. september 2017

[Påmeldingsskjema finn du ved å klikke her.](#)

## Innleiarar



**Cato Zahl Pedersen**

er fagkonsulent i Olympiatoppen med spesielt ansvar for å utvikle og integrere toppidrett for funksjonshemma i Olympiatoppen. Pedersen følger opp og kvalitetssikrar særforbunda sitt toppidrettsarbeid med funksjonshemma. I tillegg til å vere ein framifrå idrettsutøvar, har han utmerka seg ved å ta utfordringar som verkar uovervinnelege.



**Sahra Jaber,**  
Alnaskolen

Sahra Jaber er norsk-, marokkanar- og eritrear. Ho kjem frå ein aktiv familie, og jobbar no som fagleiar barn og unge ved Furuset bibliotek og aktivitetshus. Alnaskolen er eit tiltak for å utvikle leiarkompetanse i ungdomsmiljøa på Furuset. Skolen blir driven av Furuset Idrettsforening, med støtte frå mellom anna bydelen Alna gjennom områdeløft Furuset i Groruddalsatsinga.



**Ole Hamre,**  
Fargespill

Ole Hamre har ein allsidig muskarbakgrunn, og har også skrive ei rekke bestillingsverk som komponist. Hamre er initiativtakar og kunstnarisk leiar for det multietniske barne og ungdomsprosjektet Fargespill. Hundre barn frå 35 land, alle busett i Bergen, er aktørar på scena. Framsyningane er sett saman av musikk og dans som aktørane har med seg frå heimlandet sitt, kombinert med norsk folkemusikk og dans.

### Medarrangør – Møre og Romsdal idrettskrets:

Møre og Romsdal idrettskrets er eit kompetansesenter som utviklar idretten i Møre og Romsdal og som jobbar for at alle skal ha moglegheit til å utøve idrett ut frå egne ønske og behov.

Møre og Romsdal idrettskrets er det regionale leddet for idretten i fylket og er sett saman av 500 idrettslag, 30 idrettsråd og 54 særkretsar tilslutta Norges idrettsforbund Olympiske og Paralympiske komité.

Norges idrettsforbund er Noregs største frivillige organisasjon. Idretten i Møre og Romsdal består av om lag 90 000 medlemskap som til saman utfører om lag 1 500 frivillige årsverk. Dette svarar til ein verdi på 755 millionar kroner per år.

Norsk idrett bygger på organisasjonsverdiane frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd, og aktivitetsverdiane er glede, fellesskap, helse og ærlighet.



### Møremuskarane

Møremuskarordninga er ei profesjonell muskarordning som skal sikre gode musikktenester til kulturlivet i Møre og Romsdal. Deltakarane frå møremuskarane: Bjørnar Myhr (piano), Jo Inge Nes (slagverk), Audun Skorgen (kontrabass).

